



DEN NORSKE KYRKJE

Vang prestegjeld

Kultur- og kirkedepartementet
Kirkeavdelingen
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Vang 27.08.2008

dok 77

Kultur- og kirkedep.	
FI	
Saksnr. 200800738	28.8.08
Kode KI-501	Dep.

Høringsuttale: Styrket demokrati i Den norske kirke

Kyrkjeleg fellesråd i Vang har desse kommentarane til innstillinga:

- Det er fornuftig å legge valet til andre offentlege val. Vallokale i nærleiken og lik opningstid er og viktig. Førhandsstemming på gudstenester over lang tid er og bra, særleg med tanke på grisgrendte stromk.
- Det er viktig at økonomien vert styrka med denne ordninga. Godtgjersler og kompensasjonar på same måte som ved andre offentlege val, og opplæring etter valet er viktig for å vise at kyrkjelege val og offentlege val er like viktige. Møtegodtgjersler for både fellesråd og sokneråd i tråd med kommunale organ, bør så absolutt bli ein naturleg del. (Slik det er no, er det opp til kommunen å løyve pengar til dette, og her i Vang har dei sagt nei til sokneråda.) Rådet ser det som naturleg at tilsetting av prostar vert lagt til bispedømerådet når dette skal overførast frå kyrkjeleg statsråd.
- Rådet etterlyset kopling til prøveprosjektet om val annakvart år, slik m.a. Vang prestegjeld er med på no. I innstillinga ser det ut som det berre er ved stortingsvalet at soknerådsvalet skal skje. Vi ser det som unyttig å prøve ut dette no, dersom det ikkje eingong skal vurderast før det vert vraka. Vi ser ordninga med val annakvart år som svært positivt, sjølv om det blir mykje ekstra arbeid, og ser ingen grunn til å gå tilbake til den "gamle" ordninga. Fyrst når prøveperioden går ut ved valet i 2009, og tilbakemeldingar er vurdert, kan de innstille til korleis valordninga skal vera.

Med venleg helsing

Guro Hovda.
Kyrkjeverje